



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Formannskapet

Møtedato: **05.09.2016** Sak nr:
60/16

Saksbehandlar: Ivar Undheim
Arkivsak: 16/1365-8

Arkiv: 020

NY KOMMUNELOV - NOU 2016-4

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut NOU 2016-4, Ny kommunelov til høring med frist 6. oktober 2016.

31. mars 2016 sende rådmannen link til kommunestyret kor ein kunne finna dokumentet på nettet.

Litt frå mailen som har nokre hovudpunkt:

Kommunelova frå 1992 er kommunane sin viktigaste lov.

Det har nå vore eit utval som har jobba med eit nytt utkast/revisjon av kommunelova.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-4/id2478743/?ch=1&q>

Via denne linken finn de heile NOUen (Norge offentlige utredninger). Han er på 488 sider, litt oppsummering/hovudpunkt stod i Kommunalrapport før påske.

Her står det ganske mykje om gjeldande kommunelov, så det blir mest som ei lærebok. Rådmannen har tatt ei utskrift av det heile, så han kan ordna med kopi til dei som måte ønskje det.

Ny lov kan bli vedtatt til neste sommar eller sommaren 2018 og tre i kraft 1/1 eller 1/7 2019, slik at ho vil gjelda for valet i 2019. Det er foreslås litt endringar slik at det skal bli vanskelegare å ikkje oppfylle krav til at begge kjønn skal vera nesten likt representerte i utval.

Forslag om å skifte tittel på rådmann til kommunedirektør. Rådmannen får etter lova personalansvar for alle tilsette. Dei folkevalde skal berre ha overordna personalpolitikk, tilsetting/oppseiing ligg til rådmannen, og tilsetting av kommunedirektør. Hos oss har administrasjonsutvalet hatt tilsetting av rådmannen si leiargruppe. Opnar for direkte val av ordførar. Og avsetting av ordførar, om det går heilt gale, men minst 90% må stemme for mistillit.

KS har gitt ut eit debatgrunnlag (75 sider) som ligg som vedlegg til saka.



Vurdering:

Klepp kommune har to gonger deltatt i det som var forsøk med direkte val av ordførar, så det kan vera av interesse å ta opp att. Skal det vera aktuelt frå valet i 2019, bør ny kommunelov tre i kraft seinast 1/7-2018, då avklaringar rundt nominasjonane alt vil vera i gang på dette tidspunktet.

På bak av dommen i Høgsterett 16. mars i år (vedlegg til anna sak i dette formannskapsmøtet) bør set følgjast opp med ei lovending slik at folkevalde i større stillingar får rettar i folketrygd på line med kommunalt tilsette.

Det er forslag om ein del endringar, men slik rådmannen les det forslaget til ny lov, vil endringane for Klepp vera relativt små.

Når me vel våre utval, og følgjer ein krava til representasjon av begge kjønn. Me har ganske lenge hatt 5 medlemmer i kontrollutvalet, reglane for ROBEEK har me halde oss unna. Tilsetting av dei 5 stillingane i rådmannen si leiargruppe vil bli flytta frå administrasjonutvalet til kommunedirektøren, alle andre stillingar er flytta over for ganske mange år sidan.

§ 7-11 har reglar om suspensjon som går noko lengre enn dagens § 15. Der er det også lagt inn heimel for at når 90% av kommunestyret stemmer for det, kan ein ordførar som er usikkka til å ivareta vervet bli fjerna. Når ein ser landet samla, har det vel vist seg at det år om anna kunne vore bra og hatt ein heimel for at kommunestyret kan gripa inn.

Vedlegg:

- Debattgrunnlag frå KS
- Forslag til ny kommunelov NOU 2016-4

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Klepp kommune sluttar seg hovudtrekka i ny kommunelov i samsvar med fleirtalet i NOU 2016-4.
2. Skal ny kommunelov gjelda for neste valperiode, 2019-2023, er det viktig at ny kommunelov trer i kraft seinast 1. juli 2018.
3. Det er viktig på bakgrunn av dommen i Høgsterett av 16. mars 2016, at det blir ei positiv avklaring på at folkevalde, i større stillingar, får sine rettar som andre kommunalt tilsette etter lov om folketrygd.

Formannskapet den 05.09.2016 sak 60/16

Behandling:

Forslag frå Torbjørn Hovland -krf

Nytt punkt 4:

Klepp kommune støtter KS si vurdering og anbefaling i NOU 2016-4, kap. 11 om kommunale foretak.

Votering:

Innstillinga fekk 9 stemmer.

Forslaget frå Torbjørn Hovland -krf fekk 9 stemmer.

Einstemmig VEDTAK:

1. Klepp kommune sluttar seg til hovudtrekka i ny kommunelov i samsvar med fleirtalet i NOU 2016-4.
2. Skal ny kommunelov gjelda for neste valperiode, 2019-2023, er det viktig at ny kommunelov trer i kraft seinast 1. juli 2018.
3. Det er viktig på bakgrunn av dommen i Høgsterett av 16. mars 2016, at det blir ei positiv avklaring på at folkevalde, i større stillingar, får sine rettar som andre kommunalt tilsette etter lov om folketrygd.
4. Klepp kommune støtter KS si vurdering og anbefaling i NOU 2016-4, kap. 11 om kommunale foretak.

Rett utskrift, 09.09.2016

Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Utskrift til:

Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement, Postboks 8112 Dep.,0032 Oslo
KS Rogaland, Postboks 539, 4003 Stavanger